

Ola Østenson Ø.Nigard Skurdal (25.06.1843 – 29.03.1905) og Kari Hansdatter N.Nigard Skurdal (28.08.1850 – 28.06.1928)



Ola var son til Østen Ø.Nigard Skurdal og Tora Pedersdtr Rolstad, og han voks opp i ein søskenflokk med fire gutar og ei jente i Øvre Nigard Skurdal. Kari var dotter til Hans Breivegen (n'største Hans) og Berit Olsdtr Jetlund og da dei kjøpte Nedre Nigard Skurdal tok dei etternamnet Skurdal. Hans Breivegen hadde tre søsken, der to brødre vart kalla Hans og da han var den eldste vart han kalla n'største Hans. Kari voks opp i ein søskenflokk med fem jenter i Nedre Nigard Skurdal og da ho mista eldstesyster si Marit i 1867, vart ho den eldste i søskenflokken og gardjente dvs arving til Nedre Nigard Skurdal. Øvre og Nedre Nigard Skurdal er nabogardar i Skurdalsgrenda på Harpefoss i Gudbrandsdalen.

Dei fekk i alt 12 barn:

1. Hans (27.02.1872 – 15.11.1952)
2. Thea (22.09.1874 – 19.08.1893)
3. Bergine (11.03.1877 – jan 1917)
4. Marit (06.10.1879 – 08.12.1891)
5. Ole Johannes (22.10.1881 – 04.02.1962)
6. Marie (22.11.1883 – 02.02.1957)
7. Karen (22.11.1883 – 07.02.1884)
8. Østen (22.03.1885 – 03.07.1949)
9. Karen Sofie (13.11.1887 – 24.05.1932)
10. Anna (04.04.1890 – 17.11.1980)
11. Mathias (29.08.1892 – 14.09.1916)
12. Thea (10.01.1896 – 01.03.1896)

Av søskenflokket på tolv i Nedre Nigard Skurdal var det sju som ikkje har etterkomarar (Thea, Bergine, Marit, Marie, Karen, Mathias og Thea). Den som levde lengst av desse var Marie som vart 73 år gamal.

Den einaste av desse som var gift var Bergine. Ektemannen hennar var Marthin Negaard som dreiv ei kol- og vedforretning i Oslo. Etter at dei gifta seg dreiv dei ei mjølke- og delikatesseforretning, som han heldt fram med etter Bergine sin død i 1917. Dei var medlemmer av Den evangelisk-lutherske Frimenighet.

Tre av ungane (Thea, Marit og Mathias) døydde av lungebetennelse/tæring/tuberkulose i svært ung alder og i tillegg så døydde to av ungane (Karen og Thea) etter berre å ha levd nokre månader.

Kari, som var mor til desse tolv ungane, laut følgje seks av ungane sine til grava. Det må ha vore tungt for ei mor å overleve så mange av barna sine. For oss som lever i dag er det vanskeleg å tenkje seg korleis livet kunne gå vidare med slike opplevingar. I tillegg døydde dottera Karen Sofie av tuberkulose fire år etter at Kari døydde.